



Landbruksdepartementet	
Saksnr.: 2003/1708	Doknr.: 45
Mottatt: 10 SEPT 2003 ASE/jur	
Saksbeh.: IGR	Ark.: 40
Kopi:	Avskr.:

SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
189/03	Hovudutval for teknikk, natur og miljø	02.09.03
003/03	Landbruksnemnda	09.09.03

Høring - Overføring av mynde til kommunane og ny forskrift om sakshandsaming

Samandrag av saka:

Landbruksdepartementet har sendt på høring forslag til overføring av mynde til kommunen i saker etter jordlova, skoglova, odelslova og konsesjonslova. I høyringsframlegget er det samstundes ny forskrift om sakshandsaming i kommunane.

Innstilling:

Fjell kommune er i prinsippet positive til ei meir lokal styring av verkemidla i landbruket.

Overføringa av mynde vil resultere i at kommunane må nytta meir ressursar på handsaming av saker etter gjeldande lovverk. Dei oppgåvene kommunane får og dei krava oppgåvene stiller til kompetanse må samsvare med dei ressursane og dei krava om kompetanse som staten stiller til kommunane.

Fram til i dag har saksførebuing til fylkesmannen vore ei av oppgåvene som har bidrege til diskusjon og dialog mellom forvaltningsnivå. Fylkesmannen må også i framtida vere ein stad den lokale landbruksforvaltninga kan søkja råd og rettleiing.

I framlegg til ny forskrift om sakshandsaming er det underforstått at kommunane ikkje lengre vil vere pålagd å nytte seg av sakshandsaming- og rapporteringssystemet Ajour. Det vert viktig at eit eventuelt nytt format for rapportering til landbruksdepartementet vert betre tilpassa den programvare som finst i kommunane, så ein unngår dobbeltarbeid i administrasjonen. Kommunane rapporterer allereie via KOSTRA til kommunaldepartementet og miljødepartementet. Rapportering til landbruksdepartementet bør og gå i KOSTRA.

Saka vert oversendt landbruksnemnda til orientering.

Straume, den 20.08.03

Atle Justad (s)
teknisk sjef

Espen Elstad (s)
jordbruks- og miljøkonsulent

Handsama i Hovudutval for teknikk, natur og miljø - 02.09.03:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Hovudutval for teknikk, natur og miljø - 02.09.03:

Hovudutval for teknikk, natur og miljø vedtek:

Fjell kommune er i prinsippet positive til ei meir lokal styring av verkemidla i landbruket.

Overføringa av mynde vil resultere i at kommunane må nytta meir ressursar på handsaming av saker etter gjeldande lovverk. Dei oppgåvene kommunane får og dei krava oppgåvene stiller til kompetanse må samsvare med dei ressursane og dei krava om kompetanse som staten stiller til kommunane.

Fram til i dag har saksførebuing til fylkesmannen vore ei av oppgåvene som har bidrege til diskusjon og dialog mellom forvaltningsnivå. Fylkesmannen må også i framtida vere ein stad den lokale landbruksforvaltninga kan søkja råd og rettleiing.

I framlegg til ny forskrift om sakshandsaming er det underforstått at kommunane ikkje lengre vil vere pålagd å nytte seg av sakshandsaming- og rapporteringssystemet Ajour. Det vert viktig at eit eventuelt nytt format for rapportering til landbruksdepartementet vert betre tilpassa den programvare som finst i kommunane, så ein unngår dobbeltarbeid i administrasjonen. Kommunane rapporterer allereie via KOSTRA til kommunaldepartementet og miljødepartementet. Rapportering til landbruksdepartementet bør og gå i KOSTRA.

Saka vert oversendt landbruksnemnda til orientering.

Dokument i saka:

- | | | |
|----------|---|---------------------------------------|
| 23.06.03 | Høyring av forslag til nye bestemmelser om overføring av myndighet og ny forskrift til saksbeh.i kommunen | Det Kongelige
Landbruksdepartement |
| 10.07.03 | Notat - Konsekvensar ved overføring av mynde og ny forskrift om sakshandsaming i kommunane | |

Dokument vedlagt saka:

12.06.2003 Høringsbrev

Landbruksdepartementet

Saksopplysningar:

Landbruksdepartementet har sendt ut forslag om overføring av mynde og ny forskrift om sakshandsaming i kommunane på høyring. Kommunen får frå 1. januar 2004 fullmakt til å avgjere alle saker med heimel i konsesjonslova, jordlova, odelslova og skogbrukslova der mynde ikkje er lagt til andre organ etter §§2-5.

Forslaget medfører at kommunane i større grad får ansvar for arealforvaltninga. Kommunane skal no fatte vedtak i mellom anna søknader om frådeling og omdisponering av dyrka og dyrkbar jord uavhengig av arealstorleik. I dag er kommunen si mynde i desse sakene avgrensa til avgjerd på søknader inntil 2 dekar.

Vurdering:

Overføring av mynde etter dette forslaget vil seie at kommunen vert førsteinstans for vedtak i alle saker er desse lovane. Kommunen skal ikkje lengre tilrå overfor Fylkesmannen, men fatte vedtak. Fylkesmannen er klageorgan på kommunale vedtak.

Administrasjonen er i prinsippet positive til meir lokal styring av verkemidla i landbruket. Sjølv om den kommunale landbruksforvaltninga fram til i dag har førebùtt sakene for rett vedtaksmynde, vil overføringa av mynde til kommunen føre til fleire og meir ansvarsfulle oppgåver.

Etter teknisk sjef sitt syn vil meirarbeidet likevel vera overkomeleg og kommunen har naudsynt kompetanse på plass.

Nytt delegasjonsreglement i samband med overføringa av mynde vert å ta opp i eiga sak.

*Norunn Settemstad*